



Til Kulturdepartementet

Ang. Høringsutkast om ekspertutvalet frå Gudbrandsdalsmusea AS

Høringsutkastet har vore på høyring i staben i Gudbrandsdalsmusea. Vi sluttar oss til fråsegna frå Norges Museumsforbund.

I tillegg vil vi presisere

A Det er viktig å halde på ein nasjonal museumspolitik. Det er ikkje slik at det berre er nokre museum som har nasjonalt ansvar som kan «bli att» under KUD.

1. Dei musea som er med i dei nasjonale museumsnettverka har saman eit nasjonalt ansvar.
2. Det er mange av dei lokale/regionale musea som har nasjonalt ansvar. I Oppland har vi t.d. Gudbrandsdalsmusea som har Norsk Fjellmuseum som ein av våre konsoliderte einingar. Valdresmusea har Norsk Bunad og Folkedraktinstitutt som sitt ansvar, jf. avtale med KUD.
3. Det er fleire museum som ikkje er under Kulturdepartementet som ein treng å sjå i samanheng med resten av museumslandskapet (t.d. etatsmuseum og industrimusea).

Vi har ingen garanti for at dei nye (større) fylkeskommunane vil fylgje opp dette nasjonale ansvaret i dei enorme oppgåvene dei vil få med ny oppgåvefordeling og prioritering av stramme midlar.

B I tillegg vil det for dei nye fusjonerte fylkeskommunane bli store utfordringar med å få til ei god utjamning mellom ulike finansiering, organisering, standard mm av musea - samt å utvikle eige kompetanse innan regional utvikling, kultur og kulturarv jf. ekspertutvalet.

Det kan fort bli ein konkurranse med fylkeskommune/museum om prioritering av kompetanse- og ressursfordeling av eige organisasjon, eller støtte styrking av kompetansen ved musea. Slik kan dette bli ei sentralisering til fylkeshovudstad i staden for ei støtte for kompetansemiljøa i distrikta.

C Musea i Oppland har eit veldig godt samarbeid med Oppland fylkeskommune, og har fleire fylkessamarbeid som privatarkivordninga Opplandsarkivet og bygningsvernrådsgjevar som kan utviklast ytterlegare. Vi har alt ein god dialog med Hedmark fylkeskommune og ANNO Museum. Det er såleis også mykje godt som og kan vekse ut av ei reorganisering med endra funksjonsfordeling stat/fylke i eit god samspel – og god rolleavklaring.

Hundorp 3. mai 2018

Torveig Dahl
direktør